

Velkommen til nytt skuleår på Høydalsmo skule



Etter ein fin sommar er det godt å vere tilbake på Høydalsmo skule. Bateria er lada og me er klare for å ta fatt på eit nytt skuleår. Håpar alle har hatt ein triveleg ferie! Lærarane er allereie godt i gang med planlegging og klargjering, og me gler oss til å få elevane på plass og kome i gang. I år har me sju nye fyrsteklassingar som byrjar på skulen vår. Elles byrjar to nye gutar hjå oss, ein i 2.klasse og ein i 6.klasse. Velkommen som elevar på Høydalsmo skule.

Ein ny-gammal lærarar er på plass – Alice Bratås kjem tilbake til oss. Me har fått ny miljøterapeut som heiter Jon-André O. Lunde, og Sigrid Råmunddal er ny som assistent frå hausten. Velkommen til skulen vår alle saman.

Skuledagen vår startar 08.45 og held fram til 14.25. Det er framleis høve til å tinge skulemjølk, info om dette finn de på kommunen si heimeside. Ungdomskulen vil frå skulestart få tilbod om skulemat. Nokre gonger gjennom skuleåret blir det kantine for heile skulen. Desse dagane er det ikkje skulemat for ungdomsskulen. Leksehjelp blir på måndagar frå kl.14.30-15.30. Påmelding til dette skjer i Visma. I år kan me tilby leksehjelp frå 3.-10.klasse. Leksehjelpa startar opp i veke 35.

Det er terminskifte i januar. Me held fram med utviklingsamtaler tidleg i dei to terminane, dei fyrste kjem i veke 39 og 40. Som tidlegare år skal me ha storforeldremøte med klasseforeldremøte i forkant eller i etterkant. Dato for foreldremøta er 17. og 18. september.

Minner om at me har digitalisert *HØY-aktuelt* – informasjonsheftet til dykk foreldre. De finn no *HØY-aktuelt* på kommunen si heimeside under Høydalsmo skule. Dokument som skulereglar og aktuelt frå opplæringslova finn de under fana *Reglement og forskrifter*. Dokument til underskriving kjem i Visma.

Me ser fram til eit lærerrikt og spanande skuleår for elevane våre, der heim og skule saman arbeider for å få fram det beste i kvar enkelt elev.

God skulestart, alle saman!

Beste helsing skulen v/Dordi Didriksen

